



Forskrift om skulerute 2025-2026, Gjesdal kommune, Rogaland

§ 1. Føremål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har i skuleåret 2025–2026. Elevane har rett og plikt til å møta på skulen på dei fastsetja skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskolar i Gjesdal kommune skuleåret 2025–2026.

§ 2. Felles datoar

Det er fastsett i opplæringslova at opplæringa skal strekka seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker.

Datoar for oppstart og avslutning av skuleåret, haustferie veke 41, juleferie, vinterferie veke 9 og påskeferie, er felles for alle skular. Elevane skal ha minimum 190 skuledagar.

§ 3. Planleggingsdagar

Planleggingsdagar for skulane blir fastsett i samarbeid med organisasjonane til tilsette. Skulane har seks plandagar per skuleår. Desse dagane er felles for alle skulane i Gjesdal og ligg på dagar utanfor dei 190 skuledagane til skuleruta. Skule og barnehage legg opp til så mange felles plandagar som mogleg.

På nærare vilkår, og etter at samarbeidsorganet til skulen, elevar og foreldre har fått tilgang til å uttala seg, kan det gjerast justeringar av planleggingsdagar for kvar enkelt skule. Dette skal godkjennes av kommunedirektøren.

§ 4. Skuleruta 2025–2026

Skulerute for Gjesdal kommune 2025-2026

	Merknader, ferie, fri	Skuledagar
August	Torsdag 14. august er skulestart for elevane	12
September		22
Oktober	Hautstferie veke 41 (Måndag 6. t.o.m - fredag 10.)	18
November	Fri for elevane 14. november	19
Desember	Fredag 19.desember er siste skuledag før jul	15
Januar	Måndag 5. januar er første skuledag etter jul	20
Februar	Vinterferie veke 9 Måndag 23. februar t.o.m fredag 27. februar	15
Mars	Påskeferie veke 14 frå måndag 30. mars	20
April	Påskeferie til og med måndag 6. april	18
Mai	Fri fredag 1. mai (off. høgtidsdag) Fri Kristi himmelfartsdag torsdag 14. mai Elevfri fredag 15. mai Fri 2. pinsedag måndag 25. mai	17
Juni	Torsdag 18. juni er siste skuledag for elevane	14
	Sum skuledagar	190